

Vi kan høyra Hordablæst-programmet på torsdag.

19.04.2018



Musikarane fotografert saman med dirigentane Tor og Linas like etter spelninga i Grieghallen.

**Skulekorpsa i Rosendal og Uskedalen har nyleg hatt eit fruktbart samarbeidsprosjekt. Det resulterte i ei flott framføring under Hordablæsten i Grieghallen sist helg. No får kvinnheringane høve til å høyra programmet torsdag 26.april kl.17.30 i Rosendal samfunnshus. Det vert siste høvet til høyre felleskorpset framføre denne konsertavdelinga.**



Musikarane frå Uskedalen iført dei raude hettejakkene.

I Grieghallen spela musikarane opp mot sitt beste og det gav ein flott 7.plass og gode kommentarar frå dei to dommarane. I ettertid har fleire spurt om det vert mogeleg å høyra dei på heimebane, og no er muligheten der. Torsdag 26.april kl.17.30 i Rosendal samfunnshus er altså tid og stad. I tillegg til at vi får høyre dei flinke, unge musikantane vert det åresal og servering av gratis kaker, kaffi og saft.

Helga før Hordablæsten var det eit liknande arrangement i Uskedalen. Då var det bra med publikum. Mange av dei kom innante, og derfor hadde det vore kjekt om det vert ein god del uskedelingar på denne konserten. Dei som kjem, vil ikkje angra. Det er eit flott program, og ungdomane bak instrumenta er i toppform!



Det var folksamt i Grieghallen under Hordablæsten. Ei stor oppleving!!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Knut Johannes Ripel.